



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor Teknikk og Miljø

Per Kristensen
Jehansvegen 10

5455 Halsnøy Kloster

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Sigbjørn Øye	915 31 482	2023/3159-12		21.02.2025

Kvinnheradpakken - prioritering av Kaldestadvegen

Viser til Dykkar brev av 16.02.2025, og tidlegare korrespondanse om same sak, og svar frå Vestland fylkeskommune.

Eg vil minna om at i «Utvida omtale av Kvinnheradpakken», vedteken av Kommunestyre og Fylkesting, står det om tiltak 4:

4.1.5 Trafikktrygging og mindre vegutbetringar, generell punktutbetring

Tiltaket gjeld hovudsakelig øvrige fylkesvegar i kommunen. Enkelte øvrige fylkesvegar er viktige då dei er knytt til ulike ferjestø eller fungerer som samlevegar 14 for større område med busetnad og næring. Likevel er det snakk om smale bygdevegar med dårleg kurvatur og mangel på trygt rekkverk og møteplassar. Fleire av vegane lir av forfall. Måla er å heve vegstandarden, stagnere forfallet og auke trafikktryggleiken. Dette skal gjerast via punkt- og strekningsvis utbetring. Tiltaka vert å byggje møteplassar, kantforsterking og utbetring av kurvatur, rekkverk og betre siktforholda med rydding av vegetasjon. Aktuelle strekningar er fv. 48 Erslandsmarka, fv. 62 Landa – Sydnes, fv. 44 Kaldestadvegen trinn 1, fv. 544 Sæbøvik sentrum, samt andre mindre tiltak.

I tiltak 4 er 4 aktuelle strekningar nemnt. Det meste av avsette midlar til tiltak 4 i pakken, går til Kaldestadvegen. Ein anna strekning som er nemnt er Sæbøvik. Her vert det også gjort fleire tiltak, men finansiert med andre midlar enn midlane i «Kvinnheradpakken».

Det skal vera møte i Kontaktutvalet 10. mars, og kommunen vil ta opp din førespurnad.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Sigbjørn Øye
Sektorleiar - Teknikk og Miljø

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Leif Ove Mikkelsen

Thea Vaage

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kvinnherad kommune - kommunedirektør

Kvinnherad kommune - ordfører

Dina Johanne Lefdal

Cathrine Spook